

Eksamen

05.06.2019

RLV2003 Etablering og drift

Programområde: Reiseliv

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	<p>Alle hjelpemiddel er tillatne, unntatt ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre.</p> <p>Bruk av pc/datamaskin er ein føresetnad, inkludert bruk av tekstbehandlingsprogram som t.d. Word.</p>
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Bruker du utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	Ingen
Informasjon om vurderinga	<p>I denne oppgåva vert det lagt vekt på:</p> <ul style="list-style-type: none">• I kva grad du har nådd måla i læreplanen.• At du kan knytte saman teori og praksis.• At svara dine er grunngitt fagleg. <p>Spesielt for denne oppgåva:</p> <ul style="list-style-type: none">• Du skal kunne vurdere ulike samarbeidsformer i reiselivsnæringa.• Du skal vurdere moglegheiter for å utvikle berekraftige reiselivsprodukt.• Du skal syne kjennskap til trendar innan reiselivsnæringa, og du skal kunne vurdere produkt opp mot desse trendane.• Du skal kunne kalkulere pris på eit reiselivsprodukt.

LOFOTEN

Lofoten er vilt og vakkert, og er kjent for godt fiske, storslått natur og idylliske fiskevær. Forutan vill og vakker natur, kan Lofoten by på mange aktivitetar sommar som vinter. Lofoten ligg som ein vegg i det stormfulle Norskehavet nord for polarsirkelen. Den ville utposten har majestetiske varierende fjell, djupe fjordar, skrikande sjøfuglkoloniar og lange, kvite strender kor berre dei tøffaste badar. Vil du ha uforgløyemelege naturopplevingar er Lofoten staden.

I landskapet på øygruppa kan du vandre, fiske, dra på havrafting eller dykke. Fjelltoppane freistar både offpist-køyrarar og klatrarar i verdensklasse. Lofoten har eit av Norges beste, og er verdas nordlegaste område for surfing. Vinterfisket har vore, og er, ein berebjelke for regionen. Her kan du oppleve spenninga og atmosfæren om bord i ein fiskebåt. Tørrfisk er hovudingrediens i mange av dei smakfulle rettane som vert servert på lokale restaurantar, og du får tørrfisk som snacks i dei fleste butikkane. Øyene er òg kjende for sine mange fiskevær, kor du kan leige ei rorbu og nyte den vakre naturen frå «fjæresteinan».

Lofoten er i gang med arbeidet for å oppnå merket for «Bærekraftig reisemål», eit kvalitetsmerke for reisemål som har starta systematisk jobbing for å redusera reiselivets negative påverking på omgjevnadane. I tillegg til at dette gjev gjestane gode opplevingar, ønskjer destinasjonen samstundes å ivareta naturen, kulturen, miljøet, styrke sosiale verdiar og vere økonomisk levedyktige.

(Kjelde: Visitnorway.com)

Oppgåve 1

Tenk deg at du er tilsett i marknadsavdelinga i Destinasjon Lofoten AS som er eit destinasjonsselskap for Lofoten-regionen. For ein destinasjon er det viktig å følgje med på både samfunnsutviklinga og trendar som finst i reiselivsnæringa. Vurder Lofoten som reiselivsprodukt opp mot dagens trendar og vurder i kva grad destinasjonen er eigna til å utvikle bærekraftige reiselivsprodukt. Ta eigne føresetnadar og grunngje alle vala du tar.

Oppgåve 2

- a) «Lofotens Perle» er eit hotell som ligg idyllisk til i Lofoten. Hotellet har berre 40 rom og plass til 100 gjester. I tillegg har hotellet ein koseleg restaurant/bar og eit flott uteområde. Tenk deg at hotellet har eksistert i eitt år og ikkje har inngått noko form for samarbeid. Hotellet tek kontakt med deg i Destinasjon Lofoten AS for å få råd og rettleiing om kva typar samarbeid dei bør etablere. Gje ei oversikt over kva samarbeid som er vanlege innan reiselivsnæringa, og gje ei konkret vurdering av kva samarbeidsform(er) som er mest formålstenleg for dette hotellet. Grunngje råda dine.

- b) Hotellet vil tilby sine gjester unike opplevingar og har bestemt seg for å tilby fisketur på Lofothavet. Dei har inngått ein avtale med ein lokal fiskar som disponerer ei koseleg fiskeskøyte. Turen er berekna til å vare i cirka 4 timar, og inkluderer båttur, leige av fiskeutstyr, nistemat og kaffi. Turane vert gjennomførte viss det er 12 påmelde. Kostnadane per person er berekna til:

Leige av fiskeskøyte med skipper	kr. 250,-
Mat og drikke	kr. 50,-
Leige av fiskeutstyr	kr. 50,-

Hotellet kalkulerer med 45% indirekte kostnadar og 25% fortjeneste. I dette høvet reknar selskapet ei meirverdiavgift på 25%, trass i at ein opererer med ulik prosentsats for ulike varer og tenester i Noreg i dag.

- 1) Kva vert prisen per person for fisketuren (inkludert meirverdiavgift)?
- 2) Kva vert kalkylemodellen du nyttar i denne oppgåva kalla? Forklar kvifor du meiner at modellen har fått dette namnet.
- 3) Kva vert avansen i prosent for dette produktet?

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	<p>Alle hjelpemiddel er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre.</p> <p>Det forutsettes bruk av pc/datamaskin, inkludert bruk av tekstbehandlingsprogram som f. eks. Word.</p>
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	Ingen
Informasjon om vurderingen	<p>I denne oppgaven blir det lagt vekt på:</p> <ul style="list-style-type: none">• I hvilken grad du har nådd målene i læreplanen.• At du kan knytte teori og praksis.• At svarene dine har en faglig begrunnelse. <p>Spesielt for denne oppgaven:</p> <ul style="list-style-type: none">• Du skal kunne vurdere ulike samarbeidsformer i reiselivsnæringen.• Du skal vurdere muligheter for å utvikle bærekraftige reiselivsprodukt.• Du skal ha kjennskap til trender innen reiselivsnæringen, og du skal kunne vurdere produkt opp mot disse trendene.• Du skal kunne beregne pris på et reiselivsprodukt.

LOFOTEN

Lofoten er vilt og vakkert, og er kjent for godt fiske, storslått natur og idylliske fiskevær. Foruten vill og vakker natur, kan Lofoten tilby mange aktiviteter sommer som vinter. Lofoten ligger som en vegg i det stormfulle Norskehavet nord for polarsirkelen. Den ville utposten har majestetiske varierende fjell, dype fjorder, skrikende sjøfuglkolonier og lange, hvite strender der bare de tøffeste bader. Vil du ha uforglemmelige naturopplevelser, er Lofoten stedet.

I landskapet på øygruppen kan du vandre, fiske, dra på havrafting eller dykke. Fjelltoppene frister både offpiste-kjørere og klatrere i verdensklasse. Lofoten har et av Norges beste, og er verdens nordligste område for surfing. Vinterfisket har vært, og er, en bærebjelke for regionen. Her kan du oppleve spenningen og atmosfæren om bord i en fiskebåt. Tørrfisk er hovedingrediens i mange av de smakfulle rettene som serveres på de lokale restaurantene, og fås som snacks i de fleste butikkene. Øyene er også kjent for sine mange fiskevær, der du kan leie en rorbu og nyte den vakre naturen fra «fjærsteinan».

Lofoten er i gang med arbeidet for å oppnå merket for «Bærekraftig reisemål», et kvalitetsmerke for reisemål som har startet systematisk jobbing for å redusere reiselivets negative påvirkning på omgivelsene. I tillegg til at dette gir gjestene gode opplevelser, ønsker destinasjonen samtidig å ta vare på stedets natur, kultur og miljø, styrke sosiale verdier og være økonomisk levedyktige.

(Kilde: Visitnorway.com)

Oppgave 1

Tenk deg at du er ansatt i markedsavdelingen i Destinasjon Lofoten AS, som er destinasjonsselskapet for Lofoten-regionen. For en destinasjon er det viktig å følge med på både samfunnsutviklingen og trender som finnes i reiselivsnæringen. Vurder Lofoten som reiselivsprodukt opp mot dagens trender, og vurder i hvilken grad destinasjonen er egnet til å utvikle bærekraftige reiselivsprodukt. Ta egne forutsetninger og begrunn alle valg du tar.

Oppgave 2

- a) «Lofotens Perle» er et hotell som ligger idyllisk til i Lofoten. Hotellet har kun 40 rom med plass til 100 gjester. I tillegg har hotellet en koselig restaurant/bar og et flott uteområde. Tenk deg at hotellet har eksistert i ett år og ikke har inngått noe form for samarbeid. Hotellet tar kontakt med deg i Destinasjon Lofoten for å få råd og veiledning om hvilke typer samarbeid de bør etablere. Gi en oversikt over hvilke samarbeid som er vanlig innen reiselivsnæringen, og gi en konkret vurdering over hvilke(n) samarbeidsform(er) som er mest hensiktsmessig for dette hotellet. Du må begrunne valg du tar.

- b) Hotellet ønsker å tilby sine gjester unike opplevelser og har bestemt seg for å tilby fisketur på Lofothavet. De har inngått avtale med en lokal fisker som disponerer en koselig fiskeskøyte. Turen beregnes å vare i cirka 4 timer, og inkluderer båttur, leie av fiskeutstyr, nistemat og kaffe.

Hotellet gjennomfører turer dersom det er 12 påmeldte. Kostnadene per person er beregnet til:

Leie av fiskeskøyte med skipper	kr. 250,-
mat og drikke	kr. 50,-
Leie av fiskeutstyr	kr. 50,-

Hotellet kalkulerer med 45 % indirekte kostnader og 25 % fortjeneste. I dette tilfellet beregner selskapet en merverdiavgift på 25 %, selv om ulike varer og tjenester i Norge i dag opererer med ulik prosentsats.

- 1) Hva blir prisen per person for fisketuren (inkludert merverdiavgift)?
- 2) Hva kalles kalkylemetoden som du bruker i denne oppgaven? Forklar hvorfor du mener at den har fått dette navnet.
- 3) Hva blir avansen i prosent for dette produktet?



www.vigoiks.no/eksamen